Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1.

Emnenr. 80

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Folkemedisin

Oppskr. av: Olav Bakken

(adresse): Hanglim Flatdal

Fylke: Telemark

Herad: Seljord

Bygdelag. Hanglim

Gard: Bakken

G.nr. 114 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Husråd – Kjerringråd.

1. Folk er meir varsame no for å verna om helsa. No søkjer dei lækjar for kvar liten beig. (illebefinnende)
Fyrr i tidi gjekk dei plaga seg med mykje vondt — dei ville ikkje halde så lenge båe føtene var jamlange.
Jfr. Gunlaug Ormstunga.

2. Stor fåkunne om smitte, difor så mange dødsfall når det kom ein langfarsjuke. I 1870 åri låg Stor-Olav Steinarson i skarlagensfeber. Ein dag kom ein kjenning innom og såg til han. Bror hans Vesle-Olav kom inn ende etterpå og fann eit kandissukker som kjenningen hadde lagt att. Sjukingen hadde søge på det jamvel, men det brydde ikkje gutungen seg om, han åt opp sukkerklumpen. Han fekk ikkje sjukdomen — og døydde fyrst i 1949 84 år gl.

Ei tobakskrå bruka Bjørn Nordbø når han kikka inn til sjukingar. f. 1868.

15879

3. Sume hadde meir eller minder lager av hjelperåder t.d. sötrot, røykssopp harpeisplåster, limesmörje, talg, Kamfer-brennevin og honning.

Sötrot: middel for mageknip (Kolik)
Röyksopp: blodstemmande, nasablod etc.
H. plåster: drag på verker og Kaunar 100% effekt.
Limesmörje: For sår på kjeften (laga av törr risvee)
Talg: Til mogning av byllar og giktsmerter.
Honning: Sårsalve

4. Ikkje berre på dei större gardar.
5. Medisinar vart ofte lånde.
6. Koal var godt for tennene m.a.
Tjöre var ei god råd både for dyr og menneske. Råtjöre smurde dei runst augo på sauene.
7. Treak (lakrits) var godt for halsen
⁒ Eggsmörje koka av 5-6 plommer var god grosalve, likeins saulortsmörje (flöte og saulort)
8. Ukjendt
9-15 Har ikkje noko viterd om dette.

Bygdedoktorar var ukjende anna som hjelparar når noko stod på. Såleis var det nokon som koppe slo sjuke folk. Eg har sett ein slik „remedi" som Knut Kjetilson bruka (f. 1819)

Nerkjerringar (jordmödrar) var noko „Kloke" Koner som hjelpte når det trongst. Dei var å finna i alle bygder.

45.) Blodstemmen kunne m.a. Jakob Bagjev f omkr. 1800. Eingong Fin-Olav hadde åreladt Gro Bekkhus (Mandalsdoli) ville ikkje blodet stanse og ein av gut-ungane sprang til Flatdal til Jakob (1 mil) og ville få han oppover. Jakob spurde

15879

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kvar såret var. Han fekk vita det
var ovan øyra. Då tok Jakob og klypte
seg på den flekken og heldt fast ei stund
og så sa han: „Ja no e da stoppa!"
Men gutungen bad Jakob fylgje til
heimen hans og det gjorde då Jakob
for det var akta folk dette (d: gode f.)
Men blodet hadde stoppa i same tima
som Korka og Gro var Kvikeleg og Kry.
Jakob fekk seg eit feit saulår
for bryet.
Ei anna gong stemde han blodet
på Olav Aasolid, han vart stygt skoren
i eit slagsmål – mest på same måten.

15879

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING